

KOMMISJONSVEDTAK

2003/EØS/57/26

av 28. januar 2002

om mellombels marknadsføring av frø frå visse artar som ikkje stettar krava i rådsdirektiv 69/208/EØF(*)

[meldt under nummeret K(2002) 165]

(2002/98/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 69/208/EØF av 30. juni 1969 om marknadsføring av frø fra oljevekster og fibervekster⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 98/96/EF⁽²⁾, særleg artikkel 16,

med tilvising til meldingar frå Frankrike om forsyningsvanskar med omsyn til frø og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I Frankrike er mengda tilgjengelege linfrø som stettar krava i direktiv 69/208/EØF med omsyn til spireevne, ikkje tilstrekkeleg og kan difor ikkje dekkje etterspurnaden i denne staten.
- 2) Det er ikkje mogleg å dekkje etterspurnaden på ein tilfredsstillande måte med frø frå andre medlemsstatar eller frå tredjestatar, samstundes som alle krava i det nemnde direktivet vert stetta.
- 3) Medlemsstatane bør difor fram til 30. juni 2002 få løyve til å marknadsføre frø som er underlagde mindre strenge krav.
- 4) Dessutan bør Frankrike fungere som koordinator for å sikre at den samla mengda som løyvet omfattar, ikkje vert overskriden.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Medlemsstatane skal, fram til 30. juni 2002 og på dei vilkåra som er nemnde i vedlegget, tillate marknadsføring i Fellesskapet

av linfrø som ikkje stettar dei krava som er fastsette i direktiv 69/208/EØF med omsyn til minste spireevne, på det vilkåret at dei følgjande krava er stetta:

- a) frøa vart først marknadsførde av ein person som har fått løyve til dette i samsvar med artikkel 2 nedanfor,
- b) spireevna er på minst 88 %.

Artikkel 2

Ein leverandør av frø som ønskjer å nytte seg av det unntaket som er fastsett i artikkel 1 med omsyn til marknadsføring av frø, skal levere inn søknad til medlemsstaten der han er etablert.

Den medlemsstaten som det gjeld, skal gje leverandøren løyve til å marknadsføre desse frøa, med mindre:

- a) han er i sterk tvil om leverandøren er i stand til marknadsføre den frømengda som han har søkt om løyve til, eller
- b) den samla mengda som det er gjeve løyve til å marknadsføre i medhald av det aktuelle unntaket, vil overstige den største mengda som er fastsett i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 3

Ved gjennomføringa av artikkel 1 skal medlemsstatane gje kvarandre administrativ hjelp.

Frankrike (som har gjeve melding om forsyningsvanskar med omsyn til frø) skal fungere som koordinator for dei løyva som skal tildelast i medhald av artikkel 2, for å sikre at den samla mengda ikkje overstig den største mengda som er fastsett i vedlegget til dette vedtaket.

Medlemsstatar som mottek ein søknad etter artikkel 2, skal straks melde frå til den koordinerande medlemsstaten om den mengda som er oppført i søknaden. Den koordinerande medlemsstaten skal straks informere den medlemsstaten som har gjeve meldinga, om godkjenninga av søknaden vil føre til at den største mengda vert overskriden.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 37 av 7.2.2002, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 123/2002 av 27. september 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 61 av 12.12.2002, s. 15.

⁽¹⁾ TEF L 169 av 10.7.1969, s. 3.

⁽²⁾ TEF L 25 av 1.2.1999, s. 27.

Artikkel 4

Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommissjonen og dei andre medlemsstatane om kor store mengder frø som er merkte, og som det er gjeve løyve til å marknadsføre i Fellesskapet i medhald av dette vedtaket.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 28. januar 2002.

For Kommissjonen
David BYRNE
Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

Art	Sort	Største mengd (tonn)
Med omsyn til artikkel 1		
<i>Linum usitatissimum</i>	Agatha, Argos, Ariane, Aurore, Diane, Diva, Electra, Elise, Escalina, Evelin, Hermès, Ilona, Liviola, Marilyn, Venus, Veralin, Viking	1 000